

3. RAMMER FOR PLANARBEIDET

3.1 GENERELLE RAMMER

Plan- og bygningslova styrer i hovudsak planarbeidet i kommunen, men det er i tillegg ein heil del andre lover som òg regulerer arealbruken. Forvaltninga etter desse sektorlovene er ofte lagt til andre styresmakter enn kommunen, til dømes Fiskeridirektoratet, Kystverket, NVE, Fylkesmannen, Fylkeskommunen og Statens vegvesen. Naturmangfaldlova stiller krav om kva vurderingar som må gjerast og omsyn ein må ta i høve til naturverdiane, både i arbeid etter plan- og bygningslova og etter dei ulike sektorlovene. I tillegg til gjeldande lovverk er det gjeve føringar både på nasjonalt og regionalt nivå gjennom retningslinjer og rundskriv mm.

3.2 NASJONALE FØRINGAR

Rikspolitiske stortingsmeldingar og retningslinjer som gjev føringar for arealplanlegging:

- ❖ Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging, 2015.
- ❖ Statlege planrettingslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging 2014
- ❖ Statlege planrettingslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen, 2011
- ❖ Statleg planrettingsline for klima- og energiplanlegging i kommunane, 2009
- ❖ Rikspolitiske rettingslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegginga, 1995
- ❖ Rikspolitiske rettingslinjer for verna vassdrag 1994
- ❖ Rikspolitiske rettingslinjer for samordna areal- og transportplanlegging 1993
- ❖ T-1442. Retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging

3.3 REGIONALE PLANAR

Regionale planar gjev føringar og rettingslinjer for kommuneplanlegginga – kommunen kjem inn under planer utarbeidd av både Hordaland og Rogaland fylkeskommune.

- ❖ Regional planstrategi 2016-2020
- ❖ Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel 2015- 2026
- ❖ Regional areal- og transportplan for Haugalandet.
- ❖ Regional kystsonplan for Sunnhordland og ytre Hardanger (under utarbeiding)
- ❖ Regional kulturplan 2015-2025
- ❖ Regional klimaplan 2014-2030
- ❖ Regional plan for folkehelse 2014-2025 - Fleire gode leveår for alle
- ❖ Regional transportplan 2013-2024
- ❖ Regional næringsplan 2013-2017
- ❖ Fylkesdelplan for små vasskraftverk 2009-2021
- ❖ Fylkesdelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv – Aktiv kvar dag 2008-2012
- ❖ Fylkesdelplan for Sunnhordland 2005 (ny regional plan under arbeid)
- ❖ Fylkesdelplan for kystsona 2001-2004
- ❖ Fylkesdelplan for kulturminne 1998-2010
- ❖ Reiselivstrategi 2009-2015
- ❖ Interkommunal strandsonplan for Sunnhordland og Fusa